

Eldrebølgja ingen trussel for kommuneøkonomien

På medlemsmøtet i Ørsta Rotaryklubb hevdar fysioterapeut Ragnhild Svensli og ergoterapeut Monica Gustavsen at tida er moden for å samarbeide med Volda om det førebbyggande arbeidet. Og eldrebølgja treng ikkje vere ein trussel mot kommuneøkonomien. Det er god økonomi i førebbyggande arbeid, peikte dei kommunale representantane på.

I fysioterapien er det to kommunale stillingar, men dei elleve private fysioterapeutane som tek imot driftstilskot, er også ein viktig del av behandlingstilbodet i kommunen. Ei viktig oppgåve er å hindre at friske folk blir sjuke. Førebbygging blir dessverre ikkje prioritert høgt nok i Ørsta kommune pga. knappe ressursar konstaterer Svensli.

Samarbeid med Volda

Livsstilssjukdomar er eit sterkt aukande problem, også blant born og unge. Når det gjeld livsstilsendringar, så har Volda kommune kome lenger enn Ørsta, med Frisklivssentralen Aktiv. Arbeidet er tidkrevjande og gir ikkje direkte uttelling på statistikkane. Men oppmodinga til Svensli er klar; Ørsta og Volda burde ha slått seg saman på



Medlemmene i Ørsta Rotaryklubb fekk høyre om eit aukande byråkrati på landsbasis som tek meir av arbeidstida til dei kommunale ergo- og fysioterapeutane i kommunen.

dette området.

Nødvendig med auka satsing

Trening får for lite fokus med den bemanninga som kommunen har i dag, hevdar Monica Gustavsen. 1,5 stilling som ergoterapeut og 2 stillingar som kommunefysioterapeut i ein kommune med 10.000 innbyggjarar er lite. Oppfordringa frå ergoterapeut Gustavsen var klar, her må det auka satsing til.

Meistre daglege aktivitetar

Ergoterapien har brukarar frå 0 til 100 år, frå både heimar, institusjonar, skule og på arbeidsplassar. Ergoterapeuten hjelper til med å meistre daglege aktivitetar, slik som å kome seg til/frå seng, toalett, butikk, bil mv. Ergoterapeuten vurderer funksjonsevna og finn løysingar. Typiske tiltak kan vere ADL-teknikkar/trening som for eksempel å smørje brødskiva, ombygging av hus eller tilrettelegging med nødvendige hjelpemiddel. Det er omfattande ombygging av gamle bygg/hus, bla av små bad. Dette fører til auka meistring – og er ei lette for heimesjukepleie.

Samfunnsnyttig

Når det gjeld fysioterapi til institusjonsbebuarar, er det korttidspasientane som får mest merksemd og tid frå fysioterapeutane. Det er uheldig at langtidspasientane ikkje får særleg oppfølging, for dei kan også ha behov for fysioterapi. Dette går på prioritering ut frå lite bemanning. Den kommunale fysio-

terapien har ein del lovpålagde oppgåver som skal gjerast også utanom institusjon.

Heimebehandling er meir vanleg enn før, og både Svensli og Gustavsen er positive til auka heimebehandling, som i mange tilfelle kan gje auka nytte for pasientane. Behandling av born med spesielle behov og funksjonshemma er eit arbeid som krev kontinuerleg oppfølging. Dette er viktige helsetiltak fordi dei er under vekst og utvikling. Tilretteleggingar og trening må vere under endring ved behov. Dette er også høgst samfunnsnyttig innsats, også i eit økonomisk perspektiv.

Byråkratiet – ei utfordring

Det er mykje rigide system å halde seg til. Pasientar og pårørande møter ofte eit tungt byråkrati med motstand. Det er beklageleg at vi må bruke mykje arbeidstida vår til å hjelpe brukarane med slike problem i tillegg til det helsemessige, vedgjekk Svensli overfor rotarymedlemmene.

Fakta: Ergo- og fysioterapi

- Fysioterapi og ergoterapi er organisert som éi eining. Sjølv om arbeidet mellom ergoterapi og fysioterapi glir inn i kvarandre er dessverre ikkje eininga samlokalisert.
- Eininga er underlagt Helse og velferd, saman med blant anna helsestasjonen, lege, NAV og psykisk helse.
- Ragnhild Svensli er leiar for eininga.
- Lillian Sætre og Monica Gustavsen er ergoterapeutane (1,5 årsverk).
- Fysioterapeutane er Ragnhild Svensli og Hanne Marit Myklebust (2 årsverk).

Kvardagsrehabilitering

Blant nokre politikarar kan det vere ei oppfatning at eldre betyr det same som fleire sjukeheimsplassar. Det er ei rekke fastgrodde fordommar om eldre og kor skrøplege og isolerte dei er. Dette er i hovudsak feil, hevdar Svensli. Eldrebølgja treng slett ikkje vere skremmande for kommunebudsjetta. Ei aktiv tilnærming er likevel viktig: frå pleie til førebbygging, frå passivitet til aktivisering, frå heimehjelp til heimetrening. Men her krevst det haldningsendringar frå mange. Og mykje kan gjerast ved å involvere og spørje brukarane.

Kvardagsrehabilitering kan vere eit av fleire tiltak for å bidra til betre helse og aktiv alderdom då aktivitet og deltaking er viktig for at eldre skal kunne halde oppe funksjon. Skal ein jobbe med kvardagsrehabilitering krev det ei forankring høgt oppe i organisasjonen, peikte Gustavsen på.



Fysioterapeut Ragnhild Svensli meiner tida er moden for samarbeid med Volda kommune på arbeidet med livsstilsendringar og førebbyggande arbeid. Arbeid som ikkje gir direkte utslag på statistikkane er også nødvendig å prioritere.



I samfunnet generelt kan det vere ein del feilaktige haldningar om eldre og kommuneøkonomi, hevdar Svensli og Gustavsen. Kvardagsrehabilitering er god samfunnsøkonomi, men skal det verte ein suksess er det heilt nødvendig med forankring høgt oppe i ein organisasjonen.

Geir Høydalsvik